



Den driftige turngruppa har starta ein ny sesong og har både positive og negative meldingar. På den positive sida melder leiar Therese Haugland at gruppa startar dans onsdag i neste veke med Bente Yri Halvorsen som instruktør. Dansen er for aldersgruppa frå 3. til 7. klasse og det er potensielle deltakarar som har bed om dette tilbodet. Det synest Therese er svært gledeleg.

- Då er det langt meir problematisk med idrettskulen, der det har vore svært problematisk å skaffa instruktørhjelp, opplysar leiaren. Mangelen på instruktørar har stått i kontrast til interessa ettersom rundt rekna 40 ungar var med før jul og dei difor måtte dela flokken i to grupper, 1. og 2. klasse saman og 3. og 4. klasse saman.

Så langt etter jul har det vore noe tregt med oppslutnaden. Det møtte berre 10 første kvelden sist onsdag i gruppa for dei 2 lågaste klassane og i kveld møtte det 10 også i gruppa for dei 2 neste. Therese er svært glad for at det har lukkast å få Karin Saghaug Kjerpeseth og Haldis Åkra til å ta seg av instruksjonen og ho reknar med at oppslutnaden auker etter kvart også på denne sida av nyttår.

- Men frå hausten må foreldre stilla opp og ta eit tak, ellers blir det ingen idrettskule, seier leiaren og ber om tips om folk som kan vera interesserte. Dei som i tillegg til henne sit i styret no er Hanne Saghaug Kjerpeseth, Britt Stensletten, Gina Valvatna, Åshild Haukanes, Tone Kristoffersen, Edel Karin Legland og Karin Saghaug Kjerpeseth - dei to siste er nye i styret.

Bileta over og under er teke under idrettskulen i kveld

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

